



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 04.01.2023 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte: Ingmund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Magnar Vigstad, Ellen Brautaset Vatne, Bergljot Hjortdal, Anita Øvergård.

Sak 1/23 **Referat frå møte 30.11.2022**
Godkjent uten merknader

Sak 2/23 **Evaluering julaften**
Rykta går om at det var fleire som ikkje kom i år «for å sleppe til andre». Til jula 2023 vil vi gjerne ha gudsteneste kl 14.30, og vil ha med korpset.

Sak 3/23 **Juletreffest 5. juledag**
Stor suksess. Ca 90 personar kom. Det var ei veldig kjekk stund, vi har fått berre godord av dei som var der.

Sak 4/23 **Valkurs for sokneråd**
Sjøholt 11. januar. Magnar er den einaste som har anledning til å møte.

Sak 5/23 **Kandidatar til val 2023**
Vi har laga ei liste med 28 personar, og fordeler dei mellom oss – tar ei ringerunde. Må ha alt klart til slutten av mars.

Sak 6/23 **Kyrkjedagane 2023**
Vi må flytte disse så Sveinung & co ikkje kan stille fredag 3. mars. Venter på svar når tid det kan passe for musikarane. Alternativ 10.-12. mars eller helga 14. april.

Fordele ansvar for å skaffe gevinster – Anita sender ut mail med liste for kven vi skal kontakte for å få bokgevinster.

Neste møte: Mandag 23. januar kl 20.

Referent
Anita